



Saksbehandlar: Ingunn Toft

Rådmann: Jostein Førre

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|----------|
| | Formannskapet | |
| | Kommunestyret | |

Busetjing av flyktingar 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kommune kan ta i mot inntil 35 flyktingar, samt eventuelle familiegjenforeiningar i tillegg, som oppmoda om frå IMDI.
2. Sveio kommune vil ikkje kunne busette flyktingar utover oppmoding, ei heller mindreårige flyktingar.
3. Bemanning av flyktingtenesta og andre kommunale einingar vil tilpassast drifta og tal på busette flyktingar og vert å sjå i samanheng med tilskot frå IMDI.

Saksutgreiing

Samandrag

Som følge at krigen i Ukraina er norske kommunar bedt om å ta i mot flyktingar for busetnad.

I 2022 fekk Sveio ei oppmoding om 35 flyktingar, som kommunen sa ja til å ta i mot. For 2023 vart det fyrst oppmoda om 30, deretter ytterlegare 5 flyktingar.

Sveio har for 2024 har motteke førespurnad frå IMDi om å ta i mot 35 flyktingar frå Ukraina. Dei førebur Noreg på å ta i mot, 37.000,- flyktingar for 2024.

Bakgrunn for saka

Europa opplever no den største flyktingkrise sidan 2. verdskrigen, som følge av krigen i Ukraina, og behovet for busetting av flyktingar er stort.

Saks- og faktaopplysningar

Sveio kommune har lang erfaring med å ta imot flyktningar og har hatt ei flyktningteneste med god måloppnåing. Allereie i 2001 mottek kommunen flyktningar og har etter dette drive eit aktivt busetnad- og integreringsarbeid. Det var og eit mindre mottak av flyktningar tidleg på 1990 talet.

Styresmaktene legg opp til at tenestene må tenkje integrering, sjølv om det er usikkert kor langvarig situasjonen blir. Krigen har allereie vart i snart 2 år. Det er lagt opp til hurtigspor for dei av flyktningane som har kompetanse som kan nyttast raskt. Vidare skal barn og ungdom raskast mogeleg ta del i barnehage og skule. Sveio har gode resultat i høve til å få dei vaksne ut i arbeid, samt borna i skule og barnehage. Størst utfordring framover vil vere tilgong på bustadar, samt kommunale tenester som psykisk helse og lege. Og andre kommunale tenester vil kunne trenge auka kapasitet.

Busetnad vil i utgangspunktet skje på vanleg måte, gjennom førespurnad frå IMDi. Sveio kommune har ulikt ansvar for på kva måte flyktningane kjem. Det er NAV Sveio ved flyktningtenesta som er eininga som vil ta i mot, busette og følgje opp flyktningane i første omgang. Det vil deretter vere fleire einingar som følgje opp vidare; helsestasjon/lege, psykisk helse, vaksenopplæring, skular og barnehagar.

Kommunane er bedt om å førebu seg på at mange av flyktningane er traumatiserte. Det er difor grunn til anta at dei vil ha behov for helsehjelp i større grad framover enn tidlegare då dei gjerne har opplevd krig over lengre tid.

NAV Sveio vil tilsaman motta 70 flyktningar for 2022 og 2023. Sveio har gode rutinar for busetnad og vidare integrering og oppfølging.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Ikkje aktuelt.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål

Ikkje kommentert.

Økonomiske konsekvensar

Statlege myndigheiter har orientert om dei ordinære finansieringsordningane som i dag er gjeldande.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Rådmannen vurderer at Sveio kommune kan ta i mot 35 flyktningar i 2024. Rådmannen har ikkje gjort noko skilje på om flyktningae kjem frå Ukraina eller frå andre stadar, jmf tidlegare kommunestyrevedtak. Nå har kommunen snart tatt i mot 35 flyktningar i 2023, samt 35 i 2022, og

med et så stort antall forhold til bustad og einskilde kommunale tenester som kan bli det mest krevjande. Myndighetene i Norge er klar over dette og gjeve uttrykk at kommunane må sjå på områder i kommunen der dei normalt ikkje busetter. Dette vil kanskje krevja ei høgare bemanning og utfordringar kring skyss. Sveio vil ikkje ha kapasitet til å busetje mindreårige flyktningar då dette vil krevje kompetanse utover det tenestene har i dag. Det vil vere høve til å oppretthalde same tal for busetting i åra framover, med justering av kapasitet i teneste i høve til behovet.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen rår at Sveio kommune stiller seg positiv til å ta imot 35 flyktningar som bedt om i oppmoding for 2024.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid